



**DEN NORSKE KIRKE
HØYANGER SOKNERÅD**

dok 326

Kultur- og kirkedep.
20080738 4.9.08
Kode: Ki-501 Beh.....

Aug. Gunnarskogsgl.
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Faks: 57714107

Kultur og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO

Kyrkjekontoret 04.09.2008
Vår saksbehandler: Bjørnar Otterstein
Vår ref.: 06/00008-005
Arkivkode: 002

UTTALE TIL HØYRINGSSAK STYRKA DEMOKRATI I DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd handsama i møte den 28.08.08 innstillinga frå arbeidsgruppa oppnemnd av Kultur og kyrkje departementet, 13.februar 200,. ”Styrket demokrati i den norske kirke”.

Høyanger Sokneråd deler i hovudsak forslaga i arbeidsgruppas innstilling. Vi er særleg opptekne av å styrkje oppslutnaden om soknerådsvala og kyrkjeleg engasjement i framtida.

Høyanger sokneråd finn at det er ei stor utfordring å marknadsføre dei ulike kandidatane til soknerådsvala – i den hektiske mediestormen fram mot dei politiske vala. Vi er samde i at det kan vere ein føremun å arrangere valet i nær tilslutning til lokalet for dei politiske vala.

Vi er samde i at det kan vere ynskjeleg å auke tal leke medlemmer i kyrkjemøtet, men meiner at ein auke frå dagens 86 til arbeidsgruppas forslag om 125 kan skape eit for stort forum. Grunngevinga om at valordninga til kyrkjelege organ ikkje lenger skal være slik at organa suplerer seg sjølv – meiner vi svekkar legitimiteten til framlegg om ny ordning.

Vi har mest tru på ordning 2 – når det gjeld auka bruk av direkte val av kyrkjemøtets/ bispedømmerådas leke medlemmer, der det vert føreslege at eit fleirtal av desse skal velgjast av sokneråda.

Auka høve til førhandsrøysting, og senking av røysterettsalderen til 15 år (religiøs myndighetsalder) trur vi er nødvendig, ikkje minst i eit rekrutteringsperspektiv.

Lokal valadministrasjon må tilførast turvande økonomiske ressursar gjennom fellesrådet, og valstyre og røystestyre må godtgjerast på line med andre offentlege val.

Vi er særskildt opptekne av § 12.3 i reglane for val av sokneråd:

” Ved fleirtalsval kan ein røystesetel innehalde færre eller fleire namn enn det antal medlemmer og varamedlemmer som skal velgjast til soknerådet. Den som røyster har likevel ikkje fleire røyster til råvælde enn tal medlemmer og varamedlemmer til saman. Dersom ein røystesetel inneheld fleire namn(forskjellige eller gjentekne) enn det tal medlemmer og varamedlemmer som skal velgjast, fell dei overskytande namna som står sist i rekkefølga ut av betraktning- dei tel ikkje ! Rekkefølga er slik veljaren har plassert vedkomane på røystesetelen- eller ved nummerering.

Dette inneber at namn som står nedst på lista kan bli å ansjå som uskrive, med mindre veljaren har flytta kandidatane høgt nok opp, eller stroke tilstrekkeleg antal foranståande kandidatar på lista. Det same vil gjere seg gjeldande ved kumulering av kandidatar langt nede på lista. Skal kumuleringa få verknad, må veljaren anten ha flytta kandidaten (ane) høgt nok opp på lista, eller stroke tilstrekkeleg mange foranståande kandidatar. Har veljaren ikkje gjort dette, vil vedkomande kumulerte kandidat (ar) bli ståande utan røyster frå denne veljaren.

Kandidatar med flest røyster blir medlemmar av sokneråde t- kandidatar deretter- etter røystetal blir varamedlemmer.

Dermed tel ikkje kandidatar nedanfor summen av medlemmer og varamedlemmer. I praksis skal det relativt omfattande organisering til for å påverke valresultatet. Korleis arbeidet med vallistene (§ 7) vert utført - om ein engasjerer seg, vil vere avgjerande for den enkelte sitt høve til å påverke samansettjinga av nytt sokneråd.

Kjenner ein ikkje til desse reglane, og det trur vi diverre er stoda, vil ein utilsikta misse sin demokratiske rett til å påverke valresultatet.


Vi er samde i at kyrkja sjølv skal tilsetje biskopar og prostar. Her ligg ei utfordring å få ein prosedyre som sikrar ei rett forvaltning av kyrkjeleg lære og tradisjon. Den norske kyrkja er eit vedkjennande trussamfunn, basert på den evangelisk lutherske læra, og ikkje eit livssynstorg, der ein snur kappå vilkårleg etter vinden - etter meir eller mindre tilfeldige valresultat.


Avslutningsvis vil vi peike på at det er lite ønskjeleg å få eit så omfattande høyringsarbeid utsendt rett før ferien, med ein altfor kort frist i etterkant. For "leke medlemar" av sokneråda - det er vi jo alle- er det altfor krevjande å forvente at vi klarer setje oss godt nok inn i dei mange, vanskelege problemstillingane på så kort tid til at vi kan klare å få fram fyldegjerande høyringssvar.


Det må difor bli høve til å kome tilbake til spørsmåla i den vidare prosessen.

Venleg helsing

For Høyanger Sokneråd
Etter fullmakt i vedtakssak 028/08


Bjørnar Otterstein
Sekretær og kyrkjeverje


Svein Arne Forfod
soknerådsmedlem


Elisabeth Eide
Nestleiar i Høyanger sokneråd